

lyden av liv

MUSIKK OG MUSIKKTERAPI I ELDREOMSORGEN

I dag bur det over ein halv million menneske over 67 år i Noreg. Dette talet vil auka til om lag 1,5 millionar i 2060. Ein ventar at talet på menneske over 80 år vil nesten tredoblast i same periode. I takt med dette vil det også bli stadig fleire eldre med demens. Samstundes ser vi at det i samfunnet er eit auka fokus på livskvalitet og på det potensialet musikk kan ha i arbeid med menneske.

Dokumentarfilmen **Lyden av liv** viser korleis musikk og musikkterapi i eldreomsorga kan brukast i førebygging og behandling blant ulike grupper eldre, samstundes som filmen synleggjer verdien av eldre si musikkdeltaking i lokalsamfunnet. Gjennom filmen ser ein eksempel på kor mykje musikk, og spesielt musikk i sosiale samanhengar, kan bety for enkeltmenneske og deira kjensle av verdi og trivsel i kvardagen. Ein raud tråd i filmen er korleis musikk mogleggjer kommunikasjon og oppleving av meistring, også når sorg eller demens truar akkurat dette.

Lyden av liv utforskar musikkterapi frå eit brukarperspektiv, supplert med ei vitenskapleg tilnærming til emnet. Filmen varer i ca. 25 minuttar og rettar seg mot studentar i musikkterapi og helsefag, helsefagleg personale, helsebyråkratar og pårørande.


Vi ønskjer at **Lyden av liv** skal nå ut til så mange som mogleg, og finansieringa frå GC Rieber Fondene har gjort det mogleg for oss å tilby eit gratis eksemplar til alle institusjonar.

Det er også mogleg for privatpersonar å kjøpa filmen, prisen er då kr 100,-.

Bestill filmen på våre nettsider www.nmoe.no eller kontakt prosjektkoordinator i "Nettverket musikk og eldre", Liv Gunnhild Qvale.

E-post: liv.qvale@uni.no, telefon 46 63 55 20.

Filmen er produsert av Think Vivid Media i samarbeid med GAMUT – Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, Uni helse. Finansierte av GC Rieber Fondene.



Nettverket musikk og eldre

Lyden av liv formidlar delar av aktiviteten i "Nettverket musikk og eldre: samarbeid for forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre". UiB og Uni helse er vertsinstitusjonar for dette nettverket, som samlar nordiske forskarar på feltet. GC Rieber Fondene finansierer drifta av nettverket.

